



Arkivnr: 2014/10430-6
Saksbehandlar: Charlotte Espeland

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|---------------------------|--------|------------|
| Kultur- og ressursutvalet | | 21.10.2014 |

Kunst- og kulturformidling i skulen - avtale med kommunar

Samandrag

Norsk skule er ein inkluderande skule der det skal vere mogleg for alle å utvikle evnene sine. Opplæringa skal ruste elevane til arbeids- og samfunnsliv, og gje kunnskap til å meistre skiftande omgjevnader og ei ukjend framtid. - Kunst og kultur medverkar til dette.

DKS er eit stort samarbeid mellom kultur og skule på nasjonalt, regionalt og lokal nivå der kultursektoren sørger for innhaldet og skulen er arena for oppleving, deltaking og gjennomføring. Hordaland fylkeskommune (HFK) har ansvar for koordineringa regionalt, og kvar kommune utviklar eigne program lokalt.

Med hensikt i å styrke samarbeidet mellom fylkeskommunen og kommunane om ein best mogleg drift og utvikling av kunst- og kulturformidlinga i Hordaland, ønskjer HFK å inngå avtale med kvar kommune om arbeidet med DKS.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet godkjenner avtalen mellom Hordaland fylkeskommune og kommunane om samarbeid og rollefordeling knytt til kunst og kulturformidling i skulen, slik den er skissert vedlegg til saka.
2. Kultur- og ressursutvalet godkjenner avtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om samarbeid og rollefordeling knytt til kunst og kulturformidling i skulen, slik den er skissert vedlegg til saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 30.09.2014

Bakgrunn for saka

Innleiing

Norsk skule er ein inkluderande skule der det skal vere mogleg for alle å utvikle evnene sine. Opplæringa skal ruste elevane til arbeids- og samfunnsliv, og gje kunnskap til å meistre skiftande omgjevnader og ei ukjend framtid. - Kunst og kultur medverkar til dette.

Hordaland fylkeskommune (HFK) sin kunst- og kulturformidling i skulen er basert på spelemidlar til Den kulturelle skulesekken (DKS) og samarbeidsavtale med Rikskonsertane. Arbeidet består i å organisere turnear innan scenekunst, visuell kunst, litteratur, musikk, film og kulturarv, og tilby desse til grunn- og vidaregåande skular i heile fylket.

Gjennom statlege føringar og fylkeskommunale vedtak skal kultur- og skulesektor samarbeide for å medverke til at elevar i skulen får et profesjonelt kunst- og kulturtilbod som i tillegg til å stimulere til undring og kritisk vurdering, også skal vera godt forankra i skulen. Styringsdokumenta er St.meld. nr. 38 (2002-2003) *Den kulturelle skulesekken* med tilhøyrande Innst. S. nr. 50 (2003-2004) og St.meld. nr. 8 (2007-2008) *Kulturell skulesekk for framtida* med tilhøyrande Innst. S. nr. 200 (2007-2008). Desse, saman med tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet og samarbeidsavtalen med Rikskonsertane, danner grunnlaget for arbeidet med kunst- og kulturformidlinga i skulane.

Spelemidlane til DKS i grunnskulen vert delvis nytta av HFK og delvis kanalisert til kommunane. – Minst ein tredjedel vert fordelt på kommunane med utgangspunkt i ein fordelingsnøkkel utvikla av Utdanningsdirektoratet. Både fylkeskommunen og kommunane skal rapportere bruken av midlane, og levere rekneskap og plan. Alle planar og rapportar skal vurderast i forhold til måla og prinsippa for DKS. Fylkeskommunen har ansvar for å følgje opp planar og rapportar frå kommunane.

Jamfør tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet skal arbeidet med DKS vera politisk forankra i HFK, og byggje på samarbeid og nettverk med kommunane, samarbeid mellom kultur- og skulesektor, og kulturinstitusjonar regionalt og nasjonalt.

Kommunen som eigar av grunnskulane har ansvar for å forankre DKS i skulane i tråd med læreplanverket. HFK skal legge til rette for dette, og vert gjennom tildelingsbrevet oppmoda om å inngå konkrete samarbeidsavtalar med kommunane, mellom anna om oppgåvedeling og kompetansetiltak.

DKS i kommunane, og forholdet mellom kommunane og HFK

DKS er eit stort samarbeid mellom kultur og skule på nasjonalt, regionalt og lokal nivå der kultursektoren sørgjer for innhaldet og skulen er arena for oppleving, deltaking og gjennomføring. Dette krev godt samarbeid og god informasjonsflyt.

HFK har ansvar for koordineringa av DKS regionalt, og kvar kommune utviklar eigne program lokalt. Dersom ein kommune eller fleire kommunar i eit interkommunalt samarbeid ønskjer å få direkte tildeling av spelemidlane, er det høve til det. Det vil seie at dei får heile sin del av totalsummen til Hordaland direkte tildelt via fylkeskommunen, og har såleis sjølv ansvaret for å gje sine grunnskular tilbod. Kommunar som vel direkte tildeling må utarbeide ein plan for korleis arbeidet skal gjerast, og forpliktar seg til å sikre at prinsippa for ordninga vert ivareteken. Bergen kommune får midlane direkte tildelt, dei andre kommunane får deler av midlane tildelt, medan fylkeskommunen fordeler produksjonar innanfor den resterande delen.

Kvar kommune skal ha sin kommunekontakt, og på kvar skule skal det vera ein kulturkontakt. HFK er avhengig av at både kommunekontakt og kulturkontakten er operative, og at leiinga legg til rette for at dei får frigjort tid til dei oppgåvene og forpliktingane som følgjer denne rolla; Kommunekontakten er ein viktig person i fylkeskommunen sitt arbeid, og bør ha naudsynte fullmaktar og tidsressursar for å sikre oppgåva fullt ut. Dette inneber mellom anna plan- og rapporteringsarbeid. Kulturkontakten på skulen er det viktigaste bindeleddet mellom fylkeskommune og skulen. Det er den som møter utøvarane når dei kjem til skulen, og som er nøkkelpersonen for at besøket skal vera vellukka både for skulen, elevane og utøvarane.

Kulturkontakten må ha eit definert ansvar i forhold til DKS, og tid til å skjøtte oppgåvene. Inkludert i dette inntil ein dag årleg til fagleg oppdatering.

Forslag til avtale

Med hensikt i å styrke samarbeidet mellom HFK og kommunane om ein best mogleg drift og utvikling av kunst- og kulturformidlinga i Hordaland, ønskjer fylkeskommunen å inngå avtale med kvar kommune om arbeidet med DKS. Avtalen inneheld formål og gjensidige forpliktingar.

HFK har opplevd at skular avlyser ei framsyning etc. kort tid før planlagt gjennomføring. Framsyninga etc. vert i desse høva prøvd lagt til andre skular. I ekstreme tilfelle har avlysingane kome så seint at dette ikkje har latt seg gjere. Slike avlysingar skapar stor ulempe for dei engasjerte kunstnarane, for HFK som administrator, og i nokre høve elevar som mister ei kunstopleving. Dei involverte partane (HFK, kommunane og skulane) må arbeide for at dette skjer i minst mogleg grad. Med bakgrunn i dette er det lagt inn eit punkt i avtalen som seier at kommunen kan bli stilt økonomisk ansvarleg dersom en kommune/skule avlyser seinare enn tre veker før hendinga. Unntak er avgrensa til reine Force Majeure tilfelle.